

Helse- og omsorgsdepartementet
v/ avdelingsdirektør Roger Østbøl
Postboks 8011 Dep
0300 Oslo

Vår referanse
2005/3072/3/2428/2006/008

Saksbehandlar
Karen Time

Dato
26.01.2006

Deres referanse
200404862-/KMW

Høyring - endringar i lov om svangerskapsavbrot og lov om sterilisering

Kvinneklirikken, Stavanger Universitetssjukehus er via fag- og foretaksutvikling ved Stavanger Universitetssjukehus beden om å koma med innspel til "høringsnotat om endringar i lov om svangerskapsavbrudd og lov om sterilisering – tilpasning til biomedisinkonvensjonen".

Dette innspelet vert sendt både på e-post til Fag- og foretaksutvikling, SUS v/fagdirektør Stein Tore Nilsen og til Det Kongelege Helse- og omsorgsdepartement, til sistnemnde også i papirform som A-post.

Eg viser til høringsnotatet frå Helse- og omsorgsdepartementet frå desember 2005 om endringar i lov om svangerskapsavbrot og lov om sterilisering tilpassa biomedisinkonvensjonen.

Kvinneklirikken, SUS er samd i at norske helselover bør samsvara med Europarådet sin biomedisinkonvensjon, som stiller bestemte krav til korleis ein skal ta vare på enkeltmenneska sine rettar ved medisinsk forskning og behandling.

Kapittel 3 i høringsnotatet inneheld forslag til endringar i lov om svangerskapsavbrot, slik at det vert trekt opp klare grenser for når Fylkesmannen kan tillata at svangerskapsavbrot vert utført hos kvinner som manglar samtykkekompetanse.

Kvinneklirikken, SUS meiner det nye lovforslaget er ei viktig lovfesting og presisering av desse kvinnene sitt rettsvern, slik at dei, så langt som mogleg, vert likestilte med kvinner som har samtykkekompetanse.

I kapittel 4 i høringsnotatet er det eit forslag om endring i lov om sterilisering som vil innskrenka steriliseringsnemnda sin kompetanse til å tillata sterilisering hos personar som ikkje har samtykkekompetanse. Med dagens spekter av ulike former for prevensjon, i tillegg til sterilisering, meiner Kvinneklirikken, SUS at det nye lovforslaget er ei viktig presisering for å ta vare på rettsvernet til kvinner utan samtykkekompetanse: Inngrepet bør og skal berre utførast når dette står fram som det beste alternativet for å førebyggja svangerskap for den det gjeld.

Kvinneklirikken, SUS trur ikkje at dei nye lovforslaga vil føra til vesentleg endring i korleis loven i dag vert praktisert, men meiner det er viktig at rettane til denne svake gruppa vert mest mogleg likestilte med rettane til kvinner som har samtykkekompetanse.

Konklusjon:

Kvinneklubben, SUS støttar forslaget til endring i lov om svangerskapsavbrot og lov om sterilisering.

På vegne av Stavanger Universitetssjukehus, Kvinneklubben

Karen Time
seksjonsoverlege

Kopi: klinikkdirektør Sissel Moe Lichtenberg, Kvinne-barneklubben, SUS

Hermansen John Terje

Fra: Thu Gunlaug Elisabeth [get@SIR.NO]
Sendt: 27. januar 2006 08:36
Til: Postmottak HOD
Kopi: Lichtenberg Sissel Moe; Nilsen Stein Tore
Emne: Ad hoeringsnotat om endringer i lov om svangerskapsavbrudd og lov om sterilisering - tilpasning til biomedisinkonvensjonen

Viktighet: Høy



593955.DOC (32
kB)

Til Helse- og omsorgsdepartementet v/avd.direktoer Roger Oestboel!

Vedlagt oversendes Kvinneklinikken, Stavanger Universitetssjukehus sitt svar i forbindelse med ovenstaaende. Vi vil i tillegg sende svaret i papirformat med A-post i dag på adresse: Helse- og omsorgsdepartementet, p.b. 8011 Dep, 0030 Oslo.

På vegne av seksjonsoverlege Karen Time, KK/SUS;

Gunlaug E. Thu
førstesekretær